

NVE
Postboks 5091
Majorstuen
0301 Oslo

Soldal 10.08.14

Høyringsuttale til Skåro kraftverk i Fykkesundet

Eit kommande kraftverk ved fjorden nær Skårolandet vil prege heile Fykkesundet. Bekkesus og rennande elvar rundt garden på Skåro er eit ufråvikeleg krav om garden i ettertid skal ha ein kulturhistorisk verdi. Naturvernforbundet går sterkt imot desse planane og trur dette vil vere starten på ein dominoeffekt, der dei siste «frie» elvane langs Fykkesundet vert lagt i røyr.

Naturvernforbundet ynskjer ikkje å gå i alle detaljar om kraftverket. Me uttalar oss på ein generell basis med fokus på Fykkesundet som den nasjonal unike fjorden. Fykkesundet er midt i Hardanger og Hordaland. Området er lett tilgjengelig med offentlig transport. Området kan opplevast med båt og kajakk eller til fots. Tallause stiar og stølveggar startar ved Fykkesundet og har hjulpet folk til fjells i hundrevis av år. Fjellsidene langs sundet er spekket med kulturminner, gamle slåtter, vedateigar, uteløer, løypestrengar og vitnar om hardt arbeid for å livberge seg. Botnafele som Trond og Isak Flatabø gjorde lands- og verdskjende på 16- og 1700 talet blei produserte her innerst i Fykkesundet. Turistane fant tidlig området. Det gjekk ein klassisk tur i 1880 med båt frå Odda til Botnen og hest opp til Hamlagrø og vidare med Vossabanen til Bergen. I dag 130 år seinare kan me enno oppleve enkelte elver som buldrar ned fjellsidene og sender fossesprut langt ut i fjorden. Alle som ferdast inn sundet får ei oppleving for livet og det er nettopp dette me vil ta vare på!

Fjellgarden Skåro har sin eigen heilt spesielle historie. Garden var tidleg busett og opp gjennom årene har Skåro rekruttert mange stortingsmenn. Biblioteket på garden var mykje omskriven på 17- og 1800 talet.

Skåroelvi er blant dei tre største elvene på austsida av Fykkesundet. I likheit med Botnaelvi og Kasdalselvi har også Skåroelvi mista rundt halvparten av sitt totale nedbørsfelt. Elvene har i mange år gått for «halv maskin» sidan nedslagsfeltet primært i høg fjellet vart flytta til Bjølsegrø og Ålvik.

Skåro kraftverket skal plasserast ved fjorden med eigen kai. Inngrepet dette medfører vil ikkje vere ubetydelig og klart bryte med den store naturoppleving ein får ved båtreisa inn sundet. Eit kraftverk vil også generere lyd og til tider høg lyd. Lik med Kastdalen kraftverk vil denne støyen i periodar prege sundet.

BKK har i fleire år vurdert ein utbygging på vestsida av sundet under Mannfjell. Her vil ein overføra dei siste elvene gjennom eit takrenne konsept til Hamlagrø. Enkelte av desse er blant dei mest spektakulære i Fykkesundet. Ein utbygging på austsida vil mest sannsynleg generere ein BKK utbygging på vestsida.

Naturvernforbundet er konsekvent imot meir kraftutbygging i Fykkesundet. Kombinasjonen av storslagen natur og formidlings vennlig kultur pregar Fykkesundet enno i dag.

Området har stor nasjonal verdi.

Naturvernforbundet i Kvam
Klaus Rasmussen

- Miljøverndepartementet, 8013 Dep, 0030 Oslo
- Olje- og energi departementet, Postboks 8148 Dep, 0033 Oslo
- Fylkesmannen i Hordaland, Miljøvernavdelinga, Postboks 7310, 5020 Bergen